



Anbjørn Høivik orienterte foranskapet i dag

**Heretter vil vi bestemme meir sjølve med omsyn til tiltak i strandsona. Slik tolkar i alle fall uskedeling og kommuneplanleggjar Anbjørn Høivik dei nye retningslinene frå Regjeringa som skal gjera det lettare å gjera unnatak frå byggjeforbodet. Planleggjaren orienterte i dag formannskapet om dei nye og sterkt etterlengta retningslinene.**

Retningslinene kjem etter ein langvarig drakamp og Øivind Hardeland (Ap) tykte at det som no ligg på bordet er svært vellukka. Så kategorisk var ikkje planleggjaren, Det er førebels mykje som ikkje er klart og som først skal bli det til hausten. Kva blir til dømes Fylkesmannen sin rolle heretter?

Det som er skjedd er at Staten har tydeleggjort politikken sin i 100-metersbeltet. Målsettinga er å unngå uheldig byggjing. Det er også lagt opp til ein langt sterkare geografisk differensiering. Kvinnherad er no plassert i ein kategori med det som kallast 'mindre arealpress'.

Men kva er så uheldig byggjing?

Det heiter at det ikkje bør skje byggjing i område med spesiell verdi og med det meiner Regjeringa friluftsliv og ålmenn ferdsle, naturkvaliteter, naturmangfald, kulturminne, kulturmiljø og landskap.

No er det viktig å lage så gode planar som mogeleg slik at ein slepp mange dispensasjonar. Planleggjaren var oppteken av at ein styrker samarbeidet med resten av Sunnhordland på planleggjingssida. Men ein eventuell felles arealplan vil vera eit kjempeløft.

Eit spørsmål som ein planleggjar stadig stillar seg er:  
Korleis kan ein hjelpe flest mogeleg med minst mogeleg bruk av  
ressursar?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen